

## Årsmelding – Austre Moland Historielag 2022.

Styret har bestått av:

Leiar :	Odd Thunes
Nestleiar:	John Bernhard Johnsen
Kasserer:	Trond Ivar Moen
Sekretær:	Lilly Berland
Styremedlem:	Ingeborg Dale
Varamedlemmer:	Grete Brekka
	Anne Ma Nyerrød
	Gerald Ottersland

Årsmøte blei halde på Heimtun 1.mars med bra oppmøte.

Styret har hatt 6 styremøter, samt eit julemøte i Syrdalen med middag og hyggeleg samvær, i tillegg har vi hatt 3 arbeidsmøter.

Eitt år forsinka blei laget sitt 40 års jubileum markert med flott fest og 90 gjester på Dalen Misjonshus.

8. mai hadde vi som vanleg samling og nedlegging av blomster ved minnestøtta på kirkehaugen. Dette året var det Sivert Wille Svane som heldt minne-talen. Talen står i 2022 utgåva av «Dei gav oss ein arv».

Vi har hatt eit arrangement på Heimtun med tema «Makta i Russland og Russland sin invasjon i Ukraina, med Halvor Tjønn som foredragshaldar. Arrangementet var i samarbeid med Folkeakademiet i Arendal og Austre Moland Ungdoms -og idrettslag.

Årets vårtur gjekk til Woiegruva og Røyerfjell og haustturen gjekk til Grasåsgruva og Fjellsgruva. Begge arrangementa var i samarbeid med Austre Moland Ungdoms og idrettslag.

Styret har arbeida vidare med ny heimeside som blir tatt i bruk i desse dagar. Det har tatt tid å få innhald på gammal heimeside over på den nye. Den nye heimeside skal vera lett å bruke og lett å vedlikehalde.

Arbeidet med å gjere fotoarkivet tilgjengeleg er starta opp. Vi har kontakt med Kuben som skal kurse oss. Dette er eit stort arbeid som vil ta tid.

På haustmøte med boklansering i november heldt Gunnar Molden foredrag om Arendalsgruvene og jerngruve drift i Østre Moland. Bokkomiteen ved leiar Knut Engelskjøn presenterte den nye årboka «Dei gav oss ein arv». Hovedartikkel i år er om Nesheim skole 75 år, i tillegg til mange andre fyldige artikler. Bokkomiteen har som vanleg gjort eit fantastisk godt arbeid. I år som i fjar blei sal av boka gjennomført på dugnad av styret og vararepresentantar, samt andre sentrale personer.

På skogkulturveld 17. november der Sigbjørn Johnsen kåserte om dikteren Hans Børli, var vi medarrangør. Til denne kvelden laga vi ein bildeserie frå livet i skogen og skogsdrift i gammal tid.

I jubileumsveka til Neshiem skole 75 år laga historielaget ein historisk natursti som alle klassane deltok på.

Leiar m fl. har delteke på møter ang. byjubileet 2023. Laget planlegg eit arrangement på Sagene i samanheng med byjubileet.

Sigurd Ledaal og leiar Odd Thunes jobbar med å legge lyd og tekst til ein dronefilm som omhandlar Molandsvassdraget. Historielaget har saman med Stokken Historielag mottatt kr. 30 000 frå Arendal Kommune til dronefilmprosjektet.

Leiar har delteke på møte i Agder Historielag og møter med Stokken Historielag. Nestleiar har stilt på infomøte i Folkeakademiet Arendal.

Til kommunikasjon mot medlemmene våre bruker vi SMS og facebook.

Medlemstalet er stabilt, 117 medlemmer pr. dags dato.